

Inn på tunet i kommunen sitt mangfoldige tenestetilbod

**Inn på tunet som alternativt tilbud
innan psykiatri, rus og arbeidstrening**



Prosjektplan Vestland

Inn på tunet-løftet 2

2020-2022

1. MÅL OG RAMMER

1.1. Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet (LMD) lanserer Inn på tunet-løftet 2. *Målet er å utvikle og formidle kunnskap om korleis IPT-tenester kan oppfylle mål om velferdstenester og integrering og auke kompetansen om og redusere barrierer ved kjøp av desse tenestene for å sikre kontinuitet i tilboda.* IPT-løftet vert gjennomført av LMD i samarbeid med faglaga og arbeidet er forankra i KMD, ASD, HOD, og KD med fleire. Det er oppretta ei referansegruppe med relevante direktorat og KS.

Frå VØI-en:

Alle embetene | **LMD** | ASD | HOD | JD | KMD | KD | Helse, omsorg, barnevern og sosiale tjenester | Landbruk og mat | Helsedirektoratet

5.1.6.23

Synliggjøre Inn på tunet som aktuelt tiltak innanfor arbeidet på helse-, omsorgs-, utdannings-, arbeids-, og sosialområdet.

Inn på tunet-løftet 1 (2010-2012) var ein ekstra innsats for å få fleire kommunar til å utvikle tilbod i samarbeid med landbruksnæringa for å få gode tilbod til sine brukarar. Evalueringa synte mellom anna at god effekt for brukarane, var kostnadseffektive for kjøparane (kommunane) men og behov for betre forankring hos den kommunale leiinga, behov for betre bestillarkompetanse og gode rammer rundt organisering og kjøp av tenestene.

IPT-løftet 2

Fylkesmenn eller fylkeskommunar skal gjennomføre pilotar innan tre område; demensomsorg, skule og pedagogiske tilbod og psykisk helse, rusomsorg og arbeidstrening. Pilotane skal rettast mot potensielle kjøparar (i hovudsak kommunar). Det skal gjennomførast EIN pilot for kvart tenesteområde der kvar pilot omfattar 2-5 kjøparar som i liten eller ingen grad har kjøpt desse tenestene tidlegare. I pilotane skal det kartleggast kva utfordringar kjøpar møter ved oppstart, kriterium for kjøp og løysingar.

Fylkesmannen i Vestland (FMVL) ved landbruksavdelinga søker om midlar til ein pilot knytt til psykisk helse, rusomsorg og arbeidstrening. Det kan og tenkast at kommunar også kan kople dette inn mot psykiatritilbod inn mot flyktningar dei har busett i kommunen.

Bakgrunnen for val av psykisk helse i piloten, er at vi har gode erfaringar og kompetanse på dette i Hordaland og at ein har tilbydarar i heile fylket som har erfaring med denne brukargruppa. Det er også slik vi ser det eit felt det er viktig å kome opp med nye tilbod og metodikkar både for kjøparar og brukarar for å løyse ei aukande utfordring.

Bømlo kommune og Stad kommune har signert intensjonsavtale og vert med i det toårige prosjektet.

Tittel for piloten:

Inn på tunet i kommunen sitt mangfoldige tenestetilbod. Inn på tunet som alternativt tilbod innan psykiatri, rus og arbeidstrening

Prosjektet er forankra i følgjande dokument:

Piloten er kopla mot desse strategiane og planane:

- *Inn på tunet i Vestland*, handlingsplan 2019-2022
- *Stad kommune mot 2030*. Kommuneplan for Stad 2020-2032 (ikkje politisk vedteken enno)
- *Bømlo 2049*. Kommuneplan for Bømlo 2019-2049.
- *Nasjonal handlingsplan for Inn på tunet 2013-2017*, Landbruks- og matdepartementet
- *Regional bygdeutviklingsprogram 2019-2022*, Fylkesmannen i Vestland
- *Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022*, tidlegare Hordaland fylkeskommune
- *Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane 2014-2025*, tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune
- *Regional næringsplan for Hordaland*, tidlegare Hordaland fylkeskommune
- *Sammen om mestring. Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne*, Helsedirektoratet
- Aktuelle stortingsmeldingar innan psykisk helse, rusomsorg og arbeid.
- Relevant lovverk innan helse, rus, offentlege innkjøp m.m.

Lista kan verte supplert med ytterlegare kommunale strategiar for spesifikke tenesteområde etter kvart.

1.2 Mål og gjennomføring

Målet i piloten er å kartlegge og samle erfaringar frå pilotkommunane i prosessen fram mot kjøp av IPT-tenester retta mot brukarar innan psykisk helse, rusomsorg og arbeidstrening. Denne kartlegginga skal danne grunnlag for identifisering av viktige problemstillingar i prosessen som kommunane som kjøparar må løyse for å få på plass tilbod til brukarar. I tillegg er målet for prosessen å skape eit meir tilpassa tenestetilbod ved hjelp av etablering av IPT-tenester som erstattar og betrar noverande tilbod til brukarane.

I piloten har me valt ut to kommunar; Bømlo og Stad kommune, som skal sette i gang arbeid med å etablere Inn på tunet (IPT)-tenester for brukarar i kommunen innafor området psykisk helse, rusomsorg og arbeidstrening. I prosjektet skal det klargjerast kva tenester ein har behov for, kartlegge og finne fram til brukarar, etablere kontakt med landbruksnæringa og aktuelle IPT-leverandørar og utvikle tenesta i lag med dei. Tenesta skal samanliknast med tenesta som kommunen allereie tilbyr og vurderast opp i mot denne. Syner prosessen at IPT er eit tilbod som kommunen har behov for, leverer på dei kvalitative krava kommunen må forhalde seg til og er eit reelt alternativ til allereie eksisterande tenestetilbod, er målet at IPT-tenestene skal settast i drift.

Stad kommune er ein ny kommune etter kommunesamanslåing frå 2020. Ein kan sjå føre seg at det vil vere verdifulle erfaringar knytt til dette, i og med at organisasjonen er ny og at dei ulike delane av organisasjonen har med seg ulik arbeidsmetodikk og organisering. Stad kommune har om lag 9500 innbyggjarar konsentrert i hovudsak i to tettstadar, men der ytre del av kommunen ligg relativt langt i frå kommunesenteret. Bømlo har nesten 12 000 innbyggjarar og er ein øykommune med spreidd

busetting med fleire tettstader. Begge desse kommunane representerer typiske vestlandskommunar som kan gje verdifulle erfaringar som kan overførast til dei andre kommunane i Vestland, men og til kommunar i resten av landet.

I Stad kommune ligg også Nordfjord psykiatrisenter som tilbyr spesialistbehandling innan psykisk helsevern og rus. Gjennom pilotprosjektet i Stad kommune ligg det ei verdifull moglegheit gjennom prosjektarbeidet og val av tema at ein kan kople inn spesialisthelsetenesta i prosjektet. Dette kan bidra med viktige erfaringar til den andre pilotkommunen og IPT-løftet 2 nasjonalt.

Vidare har fylkesmannen i Vestland knytt til seg ekstern kompetanse som skal vere rådgjevar og dialogpartner for pilotkommunane i prosjektet. Vedkomande er tidlegare tilsett i NAV Hordaland og har lang erfaring med bruk av IPT i NAV sine tenester og har verdifull kompetanse for kommunane med omsyn til kvalitetssikring og tenesteutvikling.

Prosjektet vert leia av Fylkesmannen i Vestland, landbruksavdelinga i tett samarbeid med prosjektleiarar i kommunane, styringsgruppe og samarbeidspartar i piloten. Prosjektleiinga har lang og brei røynsle frå prosjektleiing og prosessarbeid, og har arbeidd lenge med Inn på tunet, både hos Fylkesmannen og i tidlegare Inn på tunet-prosjekt.

Arbeidet vil krevje tverrfagleg samarbeid på alle nivå.

1.3 Rammer

Prosjektet har ei kostnadsramme på 1 880 000 kroner.

Prosjektperiode: November 2020 – november 2022.

2. OMFANG OG AVGRENSNING

Vi vil dele prosjektperioden i to fasar:

Fase 1 - 2021: Finne frem til aktuelle brukargrupper og tilbydarar, kartlegge mogelegheiter og utfordringar, arbeid opp mot mogelege Inn på tunet-gardar (kartlegging, godkjenning og bygging av kvalitetstilbod), kompetanseheving innan kjøp av tenester i kommunen, få på plass godt, tverrfagleg samarbeid

Fase 2 – 2022: Konkret arbeid med kjøp av Inn på tunet-teneste; organisering, omfang og innhald, oppfølging og evaluering.

I begge fasane vil det bli tett oppfølging frå prosjektleiing og aktuelle ressurspersonar. Dokumentasjon for å sikre god overføringsverdi vil bli vektlagt gjennomgåande.

3. PROSJEKTORGANISERING

3.1 Prosjektleiing

Prosjekteigar: Fylkesmannen i Vestland

PA (prosjektansvarleg): Bjørn Harald Haugsvær, assisterande landbruksdirektør, Fylkesmannen i Vestland

PL (prosjektleder) Ragna Flotve, Fylkesmannen i Vestland

3.2 Styringsgruppe

Styringsgruppa består av:

- Bjørn Harald Haugsvær (leder), ass. landbruksdirektør, Fylkesmannen i Vestland
- Kjersti Sognnes, seniorrådgjevar, avdeling Nærings- og samfunnsutvikling, Vestland fylkeskommune
- Øystein Breirem Jacobsen, seksjonsleder Helse, sosial og barnevern, Fylkesmannen i Vestland

- Ragna Flotve, prosjektleder (Fylkesmannen i Vestland) er sekretær for gruppa.

Styringsgruppa skal ha overordna ansvar for styringa av prosjektet, sikre koordinering mellom samarbeidande organisasjonar på systemnivå, sikre faglege innspel knytt til lovverk og vere ein drøftingspartner for prosjektleder.

Styringsgruppa har møte ved kvar rapportering, og elles etter behov.

3.3 Andre ressursar

Prosjektleder vil trekke andre ressursar inn i arbeidet, ut frå det pilotkommunane og prosjektet vil ha nytte av. Først er desse stadfesta:

Vestland fylkeskommune:

- Kjersti Sognnes, avdeling for innovasjon og næringsutvikling
- Gro Hovland, avdeling for opplæring og kompetanse
- Anne Mette Nesje Porten, avdeling for strategisk utvikling og digitalisering

Fylkesmannen i Vestland:

- Øystein Breirem Jacobsen, seksjonsleder på Helse, sosial og barnevern-avdelinga, med overordna ansvar innan sosial- og barnevernsfeltet.

Innleigd konsulent:

- Rune Hove Hansen, tidlegare tilsett i NAV Hordaland med spisskompetanse på bruk av Inn på tunet-tenester innan psykiatri, rus og arbeid.

4. BESLUTNINGSPUNKT, OPPFØLGING OG MILEPÅLAR

4.1 Oppfølging og beslutningspunkt

Styringsgruppa vil følge opp prosjektet i starten, slutten og ved rapporteringstid. Styringsgruppa vil elles ta avgjersler undervegs i prosjektarbeidet der det er behov.

5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

5.1 Kritiske risikofaktorer og tiltak

1. Forankring og samarbeidsvilje på tvers av fagområda

Forankringsarbeidet i dei kommunale organisasjonane er avgjerande for at ein greier å gjennomføre arbeidet. Vidare er dette eit prosjekt som krev stort tverrfagleg samarbeid med fagområde som har ulike føresetnader og brukarar som til dømes helse og landbruk.

Tiltak: At lokal prosjektleiar og arbeidsgruppe i kommunane får tilstrekkeleg tid til å arbeide med prosjektet gjennom at det vert avsett ressursar i organisasjonen og at dette er avklara i avtale og at det vert gjeve tilskot frå L-dir. Vidare vil det vere viktig at prosjektleiar hos fylkesmannen er tett på og støttar oppunder det lokale arbeidet og at leiging i kommunen er med og motiverer gjennom prosjektarbeidet.

2. Økonomi

Utfordrande kommuneøkonomi kan medverke til at ein ikkje ser seg rom for å arbeide tilstrekkeleg med prosjektet eller å kjøpe tenestene om dei vert vurdert som gode nok.

Tiltak: Prosjektmidlar frå L-dir er med å sikre ressursar til å arbeide godt lokalt og få nok rom til å gjere gode kvalitative vurderingar og utvikling av tenestene. Det vil og vere viktig med ein god budsjettprosess kommunalt som også forankrar arbeidet hos dei folkevalde i kommunane.

3. Prosjektleiing og kjennskap til Inn på tunet

At lokale arbeidsressursar har kompetanse eller får auka kompetanse i prosjektarbeid er viktig for at arbeidet går framover og at ein held fokus. Det er utfordrande å utvikle nye tenester og ein også har god kompetanse om kva Inn på tunet er og kan nyttast til, er også viktig for at ein lukkast med å få implementert tenesta i drifta.

Tiltak: God kompetanse på prosessleiing og prosjektarbeid hos fylkesmannen som kan medverke til auka kompetanse hos lokale prosjektleiarar i kommunane. Kompetanseheving frå eksterne er og aktuelt tiltak om det er trong for ytterlegare kunnskap. Fylkesmannen kan medverke til god kunnskap om IPT og god kunnskap om IPT som tenesteområde i tillegg til kunnskapsheving og erfaringsoverføring frå etablerte IPT-leverandørar og etablerte kjøparkommunar.

4. Mobilisering, utvikling og kvalitetssikring av leverandørane

Å få til engasjement og ynskje om utvikling og levering av IPT-tenester frå landbruksnæringa er grunnleggande for å få til IPT-tenester.

Statusrapportering - Landbruksdirektoratet					X					x			
Sluttrapportering - Landbruksdirektoratet													X

7. ØKONOMI

BUDSJETT	2020	2021	2022	SUM	Kommentar
Prosjektleiing - FMVL	50 000	150 000	150 000	350 000	20 % stilling fordelt i perioden
Prosjektoppfølgning - innleid konsulent		75 000	75 000	150 000	10 % stilling fordelt i perioden
Lokal prosjektleiing og - oppfølging, Stad		260 000	260 000	520 000	35 % stilling total fordelt i perioden
Lokal prosjektleiing og - oppfølging, Bømlo		260 000	260 000	520 000	35 % stilling totalt fordelt i perioden
Prosjektoppfølgning - andre		35 000	35 000	70 000	Timesverk frå andre avdelingar i FM, VLFK
Utviklingsarbeid - IPT-leverandørar		95 000	95 000	190 000	Rettleiing, mentorhjelp, utviklingsarbeid retta mot bedriftene, FMVL, IN, andre
Utviklingshjelp - kommunar				-	Kompetanseheving i regi av KS om aktuelt
Reiser og møteverksemd - prosjektleiar FMVL		10 000	10 000	20 000	
Reiser og møteverksemd - pilotkomm. og ekstern kompetanse		30 000	30 000	60 000	Reisekostnader og møteverksemd for andre eksl. Prosjektleiar FMVL
SUM	50 000	915 000	915 000	1 880 000	

FINANSIERINGSPLAN

Fylkesmannen i Vestland, landbruksavdelinga	50 000	150 000	150 000	350 000	Eige arbeid
Fylkesmannen i Vestland, andre avd., VLFK		35 000	35 000	70 000	Eige arbeid
Landbruksdirektoratet		730 000	730 000	1 460 000	Pilotmidlar
SUM	50 000	915 000	915 000	1 880 000	

Eitt årsverk er berekna til 750 000 inkl. overhead